

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 04.12.2006
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar pr 30.11.06**

Styresak 121/06 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Styremøte 14.12.2006

Dato for brev	Saka gjeld	Status
12.07.06	Rapport fra arbeidsgruppe om tidligere hjelp til barn og unge med psykiske lidelser og/eller rusproblemer.	Høyringsfrist 01.11.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 01.08.06. Forslag til uttale lagt fram for styret i Helse Vest RHF i styremøte 08.11.06, sak 104/06 B. Uttale sendt 13.11.06.
24.07.06	Forskriftsendringer i forbindelse med endringer i lov om psykisk helsevernlova og pasientrettighetsloven.	Høyringsfrist 20.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 18.08.06. Uttale ikkje gitt.
19.07.06 (motteke 05.09.06)	Endringer i pasientrettighetsloven etter rusreformen mm. Forslaget er i hovedsak en kodifisering av den tolking og praktisering av lova i forhold til rusmiddelavhengige, som er lagt til grunn siden 01.01.04.	Høyringsfrist 01.11.06. Saka er sendt helseføretaka for innspel ved brev av 05.09.06. Uttale sendt 31.10.06. I uttalen er det peikt på at forslaget legg opp til ein nødvendig og viktig harmonisering. Det er gitt ein rekkje merknader til einskilde av dei føresegnene som departementet ønskjer å gjere endringar i.
01.09.06	Utkast til ny forskrift om krav til kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev.	Høyringsfrist 01.11.06. Saka er sendt helseføretaka for innspel ved brev av 12.09.06. Uttale sendt 30.10.06. I uttalen er det vist til at Helse Vest har lagt høyringa fram for helseføretaka, og at vi har motteke tilbagemelding frå Helse Bergen og Helse Stavanger. Helse Stavanger har få aktivitetar som vil vere regulert av forskrifta og har ikkje merknader til utkastet til ny forskrift. Helse Bergen har tidlegare meldt tilbake om økonomiske og administrative konsekvensar.

		Helse Bergen har to merknader til innhaldet i ny forskrift og desse er lagt ved i oversendinga til departementet.
09.10.06	NOU 2006: 19 Akademisk frihet	Høyringsfrist 05.02.07
10.10.06	Offentlig høring om helsetjenester i EU	Europakommisjonen har lagt ut ei meddeling om helsetenester i EU. Formålet med høringa er mellom anna å kartleggje korleis rettsleg forutsigbarhet ved grenseoverskridande helsetenester kan sikrast, og å finne egna tiltak for å styrke samarbeidet mellom medlemslanda sine helsetenester. Det er HOD som primært er høringsinstans, og dei regionale helseføretaka er bedt om å kome med eventuelle innspel innan 30.11.06. Helse Sør RHF vil utarbeide felles høyringsuttale på vegne av dei regionale helseføretaka.
07.11.06	Ambulanseflytenesta i Noreg – høring om framtidig struktur.	Helseføretaka sin nasjonale luftambulanseteneste er eid av dei fem regionale helseføretaka og har på vegne av desse ansvaret for den operative del av luftambulansetenesta i Noreg. Det er starta opp ein innkjøpsprosess for ambulanseflytenester med verknad frå sommaren 2009. I samband med dette er det gjort ein vurdering av heile tenesta, og Luftambulansetenesta har lagt fram eit forslag til overordna struktur. Utgreiinga og strukturforslaget "Ambulanseflytjenesten fra sommeren 2009" er lagt ut på høring. Høyringsfrist 09.01.07.
07.11.06	Forslag til lov om bruk av levande biologisk materiale frå dyr ved medisinsk behandling av menneske.	Høyringsfrist 23.01.07. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 22.11.06.
14.11.06	Forslag til revidering av rammeplan og forskrift for sjukepleiarutdanning.	Høyringsfrist: 22.12.06.